

An aerial photograph of a frozen body of water, likely a lake or river. The ice is broken up into numerous irregular, interconnected shapes, creating a complex, organic pattern. The colors range from deep, dark blues to bright, almost white areas where the ice is thicker or more reflective. The overall effect is one of natural, chaotic beauty.

STRANDMUMMEL

AV
ASKILL VOLL

STRANDMUMMEL

AV

ASKILL VOLL





STRANDA

kven dei var
veit ingen
kvar dei kom ifrå
veit ingen
dei var mange
uendeleg mange
alle dei runde steinane på Jærstrendene
la dei ut
små steinar
store steinar
grå steinar
svarte steinar
kvite steinar
dei var strandmumlarar
dei gav alle steinane til havet
dei gav havet nokon å snakke med



HENGJEBRUA PÅ SELE

hengjebrua på Sele
utspent over strøymande vatn
utspent på nakne sener av stål
lett svevande
ein sart skapnad
det bur eit jarmenneske i hengjebrua på
Sele
nakne nervetrådar av blankt stål
nakne mot nordavind og saltrok
gneg mot treverk

snakk litt med hengjebrua på Sele
før du stig utpå
rytmen i dine steg
møter brua sin rytme
ho ber deg på mjuke hender

på talefot med mjuke hender
kjem du velberga over
frå den eine sida
til den andre



LYSGLIMT FLAKKAR OVER LÅVEVEGGEN

lysglimt flakkar over låveveggen
lange streif frå Feistein fyr
glimt etter glimt
kastar lange skuggar
var det eit tre
var det ein stolpe
flaug noko gjennom lufta
kasta skuggar bortetter veggen

likar ikkje denne skuggekastinga
kven er dei
kvar er dei
skuggekastarane ute i mørkret
i glimta frå Feistein fyr
ute i det opne landskapet

kan ikkje vere her lenger
må kome meg inn
må kome meg i hus
vere inni hus
inni den mørke jærnatta
inni meg sjølv



MUMLAR OM DAGEN

mumlar om dagen
mumlar om natta
rullar og tumlar til tida er tom
rullar og tumlar seg trillande rund
mumlar med havet
mumlar med himmel
sender ein tanke i ring om seg sjølv
vender tilbake på drivande fjøl
mumlar med tida
mumlar med tanken
trillar ein lagnad inn i seg sjølv
ritar ei rune på rekande fjøl
mumlar om natta
mumlar om dagen
rullar og tumlar seg trillande rund
rullar og tumlar til tida er tom

UNIVERSET

tusenvís av runde klodur lá dei út
strandmumlarane
våte kyss frá havet
lá ei tynn hinne omkring

sá lite og livet myldra fram
berre ein liten blá klode
ei blank tynn hinne

alt som er

ein tørr pust frá universet
og alt blir borte
eit vått kyss frá universet
og livet myldrar fram



VI DU VITE KVEN DU ER

vil du vite kven du er
spør strandmumlarane
dei knuffar ikkje kvarandre med kvasse kantar
dei har mumla seg til samliv i ti tusen år

vil du vite kven du er
spør strandmumlarane
dei veit det meste
dei har mumla i lag under Jæren sin høge himmel

dei kan du lytte til
du er ein del av dei
dei er ein del av deg

sett deg ei stund på stranda
mumla litt med strandmumlarane
der får du vite det viktigaste som har hendt
dei siste ti tusen åra

RIMFROST I TYNNE STRÅ

rimfrost i tynne strå
på knasande haustkald mark
gloande gulkvitt lys
sveiper over landskapet
som eit lunt smil
frå ein eg kjenner
kjenner
sola inni meg
laga vår
ein dag i november
med rimfrost i håret
sol inni
smiler til meg
ennå lenge etter skumringa
leikar sol inni
meg inn i natta
varmt vêrande
vakande i slevnen
sol inni
søv hjå meg
i natt




BIOMASSE

Vi er den griske biomasse
Vi er den glupske biomasse
Vi eer ein snau kubikkilometer biomasse
Som ein liten holme i havet
Vest for ona fyr
Ein mikromille av moder jord
Kvifor skal vi halde helvete med kvarandre
Kvifor skal vi halde helvete med klimaet
Kvifor skal vi halde helvete med det biologiske mangfaldet
Vi er ein bitte liten biomasse
Vår kjøttvekt har ikkje demokratisk fleirtall
Vi blir nedstemt av mauren
Vi blir nedstemt av silda
Vi blir nedstemt av flaggermus og frosk
Vi blir nedstemt av graset
Vi har ikkje demokratisk fleirtall
Vi er den arrogante biomasse
Vi er den maktsjuke biomasse
Vi er den sløsandende biomasse
Vi er den egosentriske biomasse
Vi er den sløsandende biomasse
Skapt i gudars bilete-
trur vi
Den ultimate biomasse
Mellom himmel og helvete



GRAV EIT HOL

Grav eit hol i jorda til den eine foten
Grav eit hol i jorda til den andre foten
Stå med begge beina
nedgravd til midt på leggen
"Trur du du er eit tre" spør folk som går forbi
"ja" ropar du-og viftar med greinene.



FULLMÅNEN LYSER

Stå og sjå på månen
Slå av lysbrytaren
Månen blir svart
Du blir redd

BØLGEBLIKK

Kast eit blikk utover sjøen
Bølgene rullar inn mot land
Ikkje tru at du kan byggje hus
av bølgeblikk



DAMEBLIKK

Kast eit langt blikk etter ei dame
Berre la det liggje der i rennesteinen
vasskaldt og fryse
om ho ikkje tek det opp
og varmar det med sin eigen kropp.



GRØN MANN

gult felt
klaviaturet over gata
svarte og kvite tangentar
grøn mann blinkar til meg
hei, du grønne mann
ein enkel melodi
spela på ein fing
steg for steg
hoppar eg frå stripe til stripe
over til andre sida
ser meg tilbake
eg gløymde å spele
på dei svarte tangentane



KRANSAR AV SOLGULL

mitt skip rullar stille
mot ein sjøgang av vilje
set du allting i rørsle
med min framande tanke
ser eg duvande svaner
mot ei speglende hinne
og eit levande lyfter
sine venjer til flog

ut av nattsvarte oska
og ein song som var toгна
stig i doggdråpe morgon
ut av nattvåte tårer
inn i smilande dansar
ler ditt glitrande auge
til vår gryande morgon
ser meg sitje i stilla
flette kransar av solgull
til ditt lysande andlet
og ein dag som er vår



MINE TILMÅLTE HJARTESLAG

pumpar blodet ut til dei ytterste
delar av universet
som er min kropp
der eg snart skal sveve fritt omkring
som stjernestøv
der gravitasjonskrefter skal fange
meg inn i nye galaksar og solsystem
materien si ibuande kraft og tyngde
skal tenne ei ny stjerne
fylle det lyslause bekmørke rommet
med nytt lys
mitt lys
vårt lys
vi ser
vi ser kvarandre
dei seier det er gudars verk
men det er større
mykje mykje større

M Ø R K R E T I N N I

sola stod opp
og det vart lys
sola gjekk ned
og det vart mørkt
og vi som var redde
for solguden
Redde for å bli etterlatne
aleine i mørkret
redde for at guden vår
skulle svikte oss og ikkje
kome att neste morgon
vi som var livredde for
allmakta utanfor oss
nå er vi redde inni oss
vi som drep kvarandre
for tankespinn og dogmer
vi fryktar ikkje ein lunefull solgud
vi er redde inni oss
redde kvarandre
mørkret inni oss
det mørke inni
mørkret inni



TUSENFRYD

Du strålar ut frå ditt eige solgule sentrum
kvite lysande kornblad
glede ut i verda

Kva er din løyndom
min vesle vakre tusenfryd

Gje faen og bløm
Gje faen og bløm

La frøa spire og gro
Veks deg inn i verda
Spreng dine knoppar opp
Vreng ditt indre lys
Ut mot mørkret

Gje faen og bløm
Gje faen og bløm



VOGGESONG TIL JORDA

Snøen smeltar kvit og fin
gråt min vesle klode
Sola varmar gul og god
le min vele klode
Regnet fløymer vått i vått
drikk min vesle klode
Vinden ruskar stor og sterk
flyg min vesle klode
Tunge bølger slår mot strand
kvil min vesle klode
Skodda letnar over land
tenk min vesle klode
Skyer driv på himmel blå
svev min vesle klode
Stjerner funkler natta lang
skin min vesle klode
Niser sprett frå saltan sjø
leik min vesle klode
Knoppar sprett i vårkåt luft
elsk min vesle klode
Natta kvelvar mørkret inn
sov min vesle klode

UT I DET BLÅ

Tiriltunga ho likar eg
Marigullsko kjem
når du går din veg
Blåklokka vaiar høgt på strå
kan ikkje nå
kan ikkje få
Men du kan lokka
mi blåe klokka
lokka meg ut i det blå
ut i det blå
Tirille meg og tirille deg
Tirillar du så tirillar eg

(To vers til)



VINTERAUGE

Sorgfullt mørkt og dunkelt
talar ditt vinterauge
Ordlause buntar av vasstunge kornnek
må setjast til tørk
og vone på varme turre vindar.

Smilande leande mjukt
syng ditt sumarauge
songar om levande leikande liv
spegjar på glitrande vatn
og ler i månellyse mjuke sumarnatta

VOGGESONG

Kvil ditt trøytt auge
Sov deg stille inn
Natta varer lenge
Natta gir deg ro

Be den strie dagen
kle deg stille om
Inn i mjuke klede
Inn i nattesong

Kle ein stille morgon
opp til tanke flog
Flyg din frie tanke
flyg ditt vilje- flog

DU ER MITT MJUKE MINNE

kom til ei vårnatt
med skjelvande von
vaka og vilja
som angande blom
inn mellom mjuke moar
svevar vi to i lag

syng meg dei milde tonar
syng meg ditt leikande liv
du er mitt mjuke minne
gøymt i ein levande song

kom til ei vårnatt
som fossande elv
lauga og leika
i svalande kvelv
mellom dei blanke dropar
svevar vi to i lag

syng meg dei milde tonar
syng meg ditt leikande liv
du er mitt mjuke minne
gøymt i ein levande song

kom til ei vårnatt
med smilande sinn
venta og vilja
i doggdrope vind
Inn i dei våte lundar
svevar vi to i lag

syng meg dei milde tonar
syng meg ditt leikande liv
du er mitt mjuke minne
gøymt i ein levande song



FJON

ein ordlaus draum kom sigande
ut or ein grå skoddedott
mest ingen ting
var det litt mindre
ville eg sagt
det var ingenting

sjølv om eg ikkje er ein syrinknopp
kan eg og sprette litt
om våren

eg hoppar ut or min tunge vinterskugge
og der i vårsola
er ein heilt ny
mjuk og lett

tenk alle dystre tankar inn i ein flat stein
skein han bortover vatnet
sprett – sprett – sprett
plops

forsvinn dei i djupet
blir søkk borte

som dogg for sola
for tunge tankar rett til himmels
ei kvit sky dreiv forbi
utan å seie eit ord
nokon lo høgt
gøy å vera frø om våren

VÅRLEG EIM

inn i dei dulde heimar
for du di fælände ferd
skuggane greip deg og ropa
vi fangar deg flakkande sinn

ri din blåe fole
ri din djerne draum
dagane er dine
tida er din ven
kjem deg mjukt i møte
lett som vårleg eim

festa med tronge taumar
kjøvast ditt leikande liv
stengjer og lukkar deg inne
gøymt bakom skuggar og skodd

ri din blåe fole
ri din djerne draum
dagane er dine
tida er din ven
kjem deg mjukt i møte
lett som vårleg eim

inst i ditt mjuke minne
vaker din gloande jareld
lyser i stormhausa netter
vardar ei farande lei

ri din blåe fole
ri din djerne draum
dagane er dine
tida er din ven
kjem deg mjukt i møte
lett som vårleg eim



STREIF

flammande haustlauv
gråten på trappa opnar inga dør
moder jord si nakne vintergrein
farleg storm lyfter alle husa bort
det går ein piggtråd gjennom verda
lysglimt flengjer himmelen i sørvest
gamal morken båt
eg vandrar på ei tynn skorpe
det svarte lyset inne i ein hrafntinne
kven jagar meg dagar hektar seg på kvarandre
snøfokk over arktisk tundra
lys frå himmel
på ei skir blenkjande hinne
tusenvís av runde klodar la dei ut
sandslottet vi bygde
nå er han berre eit minne



LES MINE VAGE TANKAR

flyg meg på vare venger
vegar eg ikkje kan gå
møt meg der stilla kviler
der tida aldri kan nå

fang mine djupe draumar
som dragar i sumarvind
smyg seg lik ville fuglar
opp mot ein blenkjande tind

les mine vage tankar
sjå meg som den eg er
eg kan berre finne vegar
i landskap som er meg nær

HE AN MO HE AN FØDE

heim etter lang dag under open himmel
ei vaksen hand å leie
ein liten gut
havskodd fyller lufta
vått og grått
grått og blått
dimmare og dimmare
det ristar og burar
tunge lange pesande burande pust
skodda dirrar

mor
he an mo he an føde
nei
guten min
det er berre tåkeluren

stilla legg seg
steg knasar mot grusvegen
kuklauver på veg heimover
mjølking og kveldsstell
kjente lydar fyller lufta

buringa kjem på ny
tung djup dirrande gjennom skodda
noko stort levande langt borte
doggdråpane skjelv stråa dirrar
skuggane inni kveldsdimma
lever

mor
he an mo he an føde
nei
det er berre tåkeluren
ein stor trompet uti sjøen
ikkje farleg
veit du
først stilla og skuminga
så blæs det fælsleg
trompetdyret
stort og stygt og gapande
dukkar opp i bølgebrotta
blæs og burar i tangvasane

mor
he an mo he an føde



UTANFOR MITT ROM

utanfor mitt rom
er det andre eg ikkje kjem til
berre når eg opnar døra litt på gløtt
merkar eg
du står på trammen
og leitar etter dørklokka
eg festa på innsida'

The background of the page is a close-up photograph of water ripples. The ripples are concentric circles of varying sizes, creating a complex, textured pattern. The colors range from deep blues and greys to lighter, almost white highlights where the ripples catch the light. The overall effect is one of movement and fluidity.

PLOFF

naken barnefot over nyskore gras
springe fort
springe fort
ikkje stikke seg på kvasse strå
ikkje stanse
berre springe og springe
heilt bort til reina
til villgras og blåklokker
gjerdevikke og tiriltunge
mjuke mosetuver

ingen slåmaskin nådde hit
ingen skarpe knivar og kvasse blad
ei smal rand i markakanten
ein kvilestad for naken fot

plukke ei blåklokke
ta ho i munnen
blåse ho ut
ploff




LAGNAD FOR DEG OG MEG

ut i det framande bort ifrå meg
søkje du lagnad for meg og for deg
tagalt og tomt i eit rom utan dør
kviler ei kjensle av det som var før

ingen kan vita kva veg som er din
ingen kan vita kva veg som er min
ingen kan vita kva veg som er vår

ut i eit landskap vi ikkje veit om
ei reise der draumar og lengsler tek form
byggjer seg opp frå det som var før
leiter seg fram og finn seg ei dør
attente står rommet naken og bart
døra er opna frå det som var



VERDAS UNDERVERK

eg såg ein heimleg steingard vekse fram
far min lødde stein for å få jorda fri
for føda mi og di

farao sin pyramide lodd i glatthogd stein
ei steinrøys full av makt og stormenns galskap
froste liv i geometri
makt og slaveri

gje meg ein steingard
med livd mot vind og sno
der våren vaknar først
med sus i gardhol
song frå vare vengeslag
av tankars flog
verdass underverk



EIN ANNAN MANN

varleg sveiper båra att og fram
viskar bort med venleg hand
spor av nag og bitter hang
minne om eit brot i tid og rom
stein som rislar att og fram
vert til runde korn av sand
kvassa fekk ei anna form
kasta om i vilske
i ein storm av tid og rom

eg såg deg som eit spor i sand
ein jargang mellom hav og land
vi gjekk og heldt i kvar si hand
eg var i dag ein annan mann

DEI SISTE TI TUSEN ÅRA

vil du vite kven du er
spør strandmumlarane
dei knuffar ikkje kvarandre med kvasse kantar
dei har mumla seg til samliv i ti tusen år

vil du vite kven du er
spør strandmumlarane
dei veit det meste
dei har mumla i lag under Jæren sin høge himmel

dei kan du lytte til
du er ein del av dei
dei er ein del av deg

sett deg ei stund på stranda
mumla litt med strandmumlarane
der får du vite det viktigaste som har hendt
dei siste ti tusen åra



EIN DAG MED DEG

heile verda er ein dag med deg
alle ting er seg
vi er meg og deg
ein veg ein gong
ville ikkje visa seg
der stod du og eg

heile verda er ein dag med deg
alt vil berre gøyma seg
alle ting står kvar for seg
du er deg og eg er meg
brått gjekk vi kvar vår veg
alle ting for kvar til seg
heile verda var ein dag med deg

VÅREN ER SÅ MJUK

elsk dei nakne tankar
natta er så lang
alle vindar vaknar
vona vaker veg
vaka vilt og vilja
vilja verda vid
elsk dei nakne tankar
natta er så lang

fang dei vare vindar
dagen er så lys
alle elver fløymer
flaumen fløymer fri
fara fort og flyga
flyga farleg flog
fang dei vare vindar
dagen er så lys

la ei sevje stiga
våren er så mjuk
alle blomar blømer
varmt og lyst og lett
leva liv og lagnad
laga lagnad sjølv
la ei sevje stiga
våren er så mjuk



MØRKRET SITT TIMEGLAS

djupt inne i mørkret
utanfor rekkjevidd av mitt fjernlys
overfylt av ingenting
som ser på meg
gjennom ein knust spegel
glimt av lys
frå alle kantar

I stor fart stig eg ut i mørkret
ut i det knuste rommet
ut i ingenting
tenner hovudlykta
og går sakte

rolege steg knasar i vegkanten
og fyller mørkret sitt timeglas
med kvit sand



DITT EIGE ANDLET

blomar blømer
bjart og lett
stille inn i livet
ferda flyg seg var og varm
kvite dagar lyser
natta lyser svart
blomar blømer
bjart og varmt
stille inn i livet

dagar dagast
deg i dag
ser deg inn i auga.
sola seglar gul og varm
månesigden bleiknar
stjerner funklar kvitt
dagar dagast
deg i dag
ser deg inn i auga

vatnet blenkjer
vått og blankt
i ditt eige andlet
voggar vegar langt og vidt
tynne hinner dirrar
sola glitrar liv
vatnet blenkjer
vått og blankt
i ditt eige andlet

BLINKJANDE MINNE

nå er han berre eit minne
sigden eg arva frå far
fetla og spjelka i grepet
med tjærebreidd seigliva tau
nå er han berre eit minne
om timar og dagar og år
vandra og sveiv gjennom enga
kvessa med kvasstein og tål
berre eit blinkjande minne
om arbeid frå morgon til kveld
slite til mergen er stålet
berre litt jarstål er att
eg sit her med sigden i handa
med jarstålet naken og bert
ein skinande arv frå den gamle
ei tomsbreidd bortslite stål
ei stålrånd av tålmod og vilje
ei stålrånd som aldri går vekk

VI ER SAMAN

vi er ikkje mange
ikkje meir enn to
ser oss sjølv i vatnet
smeltar oss i hop

kjenner handa di i mi
kjenner at vi held
vi er saman
held i handa vår

The background of the entire page is a close-up photograph of water with many small, dark, wavy ripples. The water has a blue-grey tint. In the top right corner, there is a dark green rectangular overlay containing the title and lyrics.

INNI MEG

ein draum som leika inni meg
ein langt mot noko langt av stad
eg ikkje visste om
eit land langt bort
eit land med sol og svale vindar
det mjuke som treng ly
og lune stader for å gro
inni meg
der vil eg bu
inni meg



PÅ VEG MOT STJERNENE

mellom borken og veden
flyt sevja i strie straumar
mellom borken og veden
møtes du og eg
livet sitt evige sug mot stjernene

mellom borken og veden
i ei tynn
våt
levande hinne
trongt om plass
nært og vanskeleg
er vi her
fanga
for all tid

mellom borken og veden
i ei stigande sevje
på ein liten blå blenkjande klode
svevande
på veg mot stjernene



MEG

med nasen ned i mjuk mose
forsvinn eg inn i vårkått jordsmonn
stig opp gjennom sevja i ei bjørk
siv ut i dei grønne blada
ut i lyset
ut i lufta

doggdropar veks på strå
i kjølig vårnatt
du stryk strået over leppene
varleg vått
vårdoggande vått

kjenner du smaken og eimen av bjørk
ein doggdropemorgon i mai
er det kanskje
meg

PÅ VÅR VESLE KLODE

mi vesle usynlege barnehand
rører ved deg
nakne asteroide
Eros i rommet
millionar kilometer ute i bane kring sola
eg rører ved deg med undring
guddommelege kampestein i evig fritt fall
eit ragnarok i famnen på vår vesle klode
mi vesle barnehand rører ved deg
Eros i rommet
du ruggestein for tanken
millionar kilometer ute
i bane mellom Jupiter og Mars
eg vesle sonde landar på deg
Eros i rommet
mjuk landing
berre så vidt tyngdekrafta di kan halde på meg
berre ein naken stein
ingen Kabastein bak gullbroderte teppe
ingen våte kyss frå pilegrimar
berre mi vesle
undrande
usynlege barnehand
rører ved deg
Eros i rommet
du nakne stein
i evig fritt fall

DU ER I HUS

står og ser huset
ser meg med vindaugo sine
står inni huset og ser
ser gjennom vindaugo
ser på meg

det brenn i vedomnen

huset er varmt inni
ser på meg
står ute i vinternatta
det varme huset inni
ser på meg gjennom vindaugo sine
du er hus inni
vinternatta har eit varmt inni
inni ser på meg
gjennom augo sine
varm inni ser på meg

du er hus

det brenn i vedomnen



DU SOM GAV MEG LIVET

du som gav meg livet
djupt inne i din augnestein
like før du for
såg eg eit hav
såg eg meg
i deg
utan ord
såg du meg
såg du det same havet
såg du den same stranda

er det her vi skal mumle i lag
med strandmumlarane
til evig tid



DITT AUGE

levande leikar ditt auge
inn i min mjuke heim
var du her
var du nær
vart du verande her
snart var du borte
snart var du nær
i timar og dagar
i månar og år
var eit glimt
var eit syn
vart du svevande nær
mellom dansande tankar
mellom blomar og trær
var ein vind
var ditt sinn
vart du borte for meg
ut frå dei fjerne heimar
leikar ditt auge med meg

MOSELOVEN

Bit deg fast på bar granitt
Stå imot 20 kuldegrader
Stå imot snøfokk
Stå imot sur skodde stå imot storm og regn
Bit deg fast på bar granitt og veks
1 millimeter om året
Gled ein gjellfandrar
med skinande gydne fargar og elegante mønster
ein varm sumardag
med nistepakke og kaffe på termosen
om 200 år

S O L A

den store gule sola tok månen
og åt han opp
den pannekaka har eg hatt lyst på lenge
lo sola
og sleikte seg om munnen

båten ligg stille
åra kviler på toftene
det var harde tak

kube er på ein måte ei slags kule
berre litt meir firkanta.

SKULDER VED SKULDER

arm i arm ligg vi på taket
vi er takstein
tett saman
ingen storm flytter oss

skulder ved skulder
vi er brustein
vi er sterke
vi tåler alt

E I T N A K E

grip eit nake
før det kler seg
grip eit nake
før det ter seg
grip eit nake
før det ser deg
grip eit nake
når det er seg
sjølv

TØYSEPAVEN

på vegen til det gode liv
kan du gjere kva du vil
men brått er du der
og då spørst det

snart er vi tolv milliardar menneske
paven tar på seg staven og hatten
paven er ikkje for katten
eg forbyr prevensjon
seier paven
tøysepave
seier eg

B I L E T E

bilete av meg sjølv
heng på veggen i glas og ramme
eit ungdomsbilete
ung og sprek
eg kallar det sjølvbiletet mitt

B Ø

kua seier mø
bøen seier bø
månen går i ring
og seier ingen ting

bø
seier brødristaren
og hiv opp ein svidd loff
bø
seier sola
og svir av ein jordklode

om fem milliardar år

S N Ø

det snør i dag
det snødde i natt
det snør på nasen til Per
det snør på lua til Ola
det snør på kinnet til Kari
det snør i dag
det snødde i natt
Per rullar ein stor snøball
Ola rullar ein mindre snøball
Kari rullar ein liten snøball
det snør i dag
det snødde i natt
Per lagar snømannfot
Ola lagar snømannmage
Kari lagar snømannhovud
det snør i dag
det snødde i natt
to svarte steinar vart augo
to brune greiner vart armar
ei raud gulrot vart nase
det var ein fin snømann
sa mor
snømann-nasar er sunn mat
sa far

dansar ein snømann
dansar kvit
dansar gjennom rommet
fram gjennom rømda svart og kald
svevar han fram på fotlaus ferd
dansar gjennom rommet
svingar og voggar
voggande vilt
voggar gjennom rommet
dansar seg gloheit
dansar seg glad
dansar gjennom rømda
dansar og doggar seg ut or seg sjølv
kverv i tomme rømda
ingen vart borte
ingen kom fram
dansar gjennom rommet
rommet det rømer
rømer deg
dansar deg gloheit
dansar deg glad
dansar gjennom rommet
alle vart borte og ingen kom fram
kvarv i tomme rommet
dansar ein snømann
dansar kvit
dansar gjennom rommet

asteroidebeltet
augnesteinar svevande i bane kring sola
ein hær av snømenn vandra i bane
mellom Jupiter og Mars
ei anna tid

snømanntida

voggande
vaiande
syngjande
dansa dei snømanndans gjennom rommet
augnesteinar
fast i kvite kalde hovud
i bane kring sola

ein mild dag i universet
snømennene dampar bort
asteroidebeltet
svevar vidare
ser på oss
augnesteinane i rommet
ingen song
ingen dans
berre ser på oss
ordlaust
songlaust
danslaust
ser og minnest

snømanntida

den syngjande
dansande
snømanntida

fram dansar ein snømann
fram dansar dei to
fram dansar dei mange i ring
kring gloande brakande eldar
kring brennande blafrande bål
fram gjennom natta
rasar i ring
vildare vildare sving etter sving
ropar og gaular og skrik

raudel og vaudel
raudel og vaudel
whisky on the rocks
whisky on the rocks
blandevatn
blandevatn

trillande snøskoltar rullar seg rundt
snøslaps og sørpe surklar og sig
brånar og brenn seg vassande våt
veltar seg vilt i vasskalde mold
ropar og gaular og skrik

raudel og vaudel
raudel og vaudel
whisky on the rocks
whisky on the rocks
blandevatn
blandevatn

stille på valen
i grålysna dag
ligg bålet
ligg oska
kolande svart
kringom i graset
eit minne om festen
ein jordfukta krins
eit vasstrekt merke

SNØMANNEN

leikande barnehender sette to augnesteinar
i det kvite kalde hovudet
nå kan du sjå
snømann
våren kom fort på ein snømann i år
sanselaust fort
augnesteinane heng att i lause lufta
mellom summande humler
mellom svirrande bier
stirande
på krokus og snøklokker
og vårgrøne bjørkeblad
varmen i sola
varmen i verda
augnesteinane heng att i lause lufta
våren kom fort
våren kom fort
på ein snømann i år

STREIF

flammande haustlauv
raudt som blod
gult som sol
brunt som jord

ynkar seg laust frå festet
svevar sitt einaste basehopp
dansar voggande gjennom lufta
eit kort evig flog
mellom liv og daude.

stilla kviler over hausten sine svake rop
nokon går forbi på vegen
nokon går forbi

ennå les dei breva mine
skrivne med dei siste kveldsstrålane
frå den dalande blå sola
ennå før tussmørkret gjer all skrift uleseleg
forseglar eg brevet
og sender det til ei anna tid

GRÅT

gråten på trappa opnar inga dør

blenkjande hinne i natta
ein spegel for bleike månar
i ny
og ne
iskrystallar glitrar der ingen lenger er
steg knitrar i snøen langt borte.

gråten på trappa opnar inga dør

snøkrystallar
kvite lette blomar av is
dalar gjennom mørk natt
gråten søv under kvite dyner
mjukt på harde steinar
gråten er frosen til is
fast i krystallar sitt blenkjande grep
fast i vinternatta sin djupe famn

gråten på trappa opnar inga dør

H U S A

stormen lyfter alle husa i byen bort
langt bort
dagslyset svinn
grunnmurane ropar på alle husa sine
kom heim
det er natt
folka i byen går til ro

ingen hus kjem
folk flokkar seg mellom murane
båla brenn
dei ventar
snart kjem husa
seier dei til kvarandre
snart kjem husa

husa kjem ikkje

dei møtes i huslause gater
god dag
korleis har du det
snart kjem husa
seier dei
slekt etter slekt sit kjellarfolket kring leirbåla
mellom murane
er berre slik
dei møtes
seier framleis
god dag
eller
god kveld
snart kjem husa
snart kjem husa

DET MJUKE

det går ein piggråd gjennom verda
raspar nakne hender opp til blods
berre hanskehender
grip ein piggråd utan mein

kor lenge skal verda
gå med tjukke arbeidshanskar på
berre ane alt det mjuke
hanskehender aldri når

SKUGGAR

lysglimt flengjer himmelen i sørvest
flakkande skuggar over kvite vegger
småruta vindaugo ser skremt mot skumpiska havgap
eit lite redd hus inni
eit lite redd inni

gapet glefsar oppetter stupbratte glatte fjellvegger
slike kveldar ser det vesle huset dei dra forbi
det blå skuggefolket
dei står ved grinda
ser opp
flakkande augo i bleike andlet
inni stova
skremt
det vesle huset
redd inni

dei fer forbi
mot havgapet
mot stupet
blir borte

det vesle huset ser kvite fuglar stige
opp frå skrentkanten
leggje seg på vêret
liggje og sveve på stormkast og saltrok
i opphøgd ro
stormfuglar
tenkjer det vesle huset
det er dei
det blå skuggefolket
stormfuglar

SKIPPEREN

gamal morken båt
stranda på grasdekt mo
mannskapet gjekk i land
lenge sidan no
dei ventar
ventar i grønne lunden
ventar på den vesle bjørka
som veks
veks opp gjennom dekket
skal bli større
stor nok til å bere segl

skal vi dra snart
spør mannskapet

snart er bjørka stor nok
seier skipperen
stor nok til å bere segl
snart heiser vi segla og dreg
over skummande rimhestar
over endelause hav
landet der stormfuglane kviler vengene
landet der rimhestar går i land
når bjørka har vakse seg stor nok
stor nok til å bere segl

heis mine segl
segle min båt
bar eg børa
børa bar meg
god bør bar båten
båten bar meg
børa er boren
heis mine segl
segle min båt



ISLAND

eg vandrar på tynn skorpe
over flytande eldmørje og urkraft
mellom Landmannalaugr og Thorsmork.
svart lavasand drep krafta i steget
vengeslag av usynleg tungsinn
grå skodde
gråsvart sand
flaksande svarte sumarfuglar
i dragsuget av usynleg svart vind
å vite at eldmørja like under
urkraft og flengjande gule glimt
midt ute på lavasletta
på veg mot noko anna
i undring
er det slik
å vere islending

H R A F N T I N N E

det svarte lyset inne i ein hrafntinne
kasta ut i verda av islandsk eldmørje
svart og blankt som glas
ser eit mørkt skuggebilete
mitt eige andlet
der inne sit ein islending og skriv
om kjærleik og alt som er
blekket er blod blanda med lavastøv
skjelvande på den kvite flata
dirrande svart hrafntinneskrift
på snøkvit botn
blenkjande svart
djupt inni
dirrande djupt inni
han skriv
glassteinen speglar
djupt inni

EG GÅR

kven jagar meg
kven styrer mine steg og mine tankar
ei verd av labyrintar
ein stad å gå seg vill
gjennom landskap som syg og dreg
taper stega kraft og vilje
og eg går
og går
inn i fjellheimen
gjennom fjellveggen
set meg ned
inni tett granitt

VASSPLANING

dagar hektar seg på kvarandre
som bilar i kø på motorvegen
lett slevande over våt asfalt
utan feste trillar gummidagane
på rekkje og rad
berre eit lite feilgrep
litt slinger
og heile rekkja av gummidagar brakar i hop
i ei mørje av splintra glasminutt
og vridde metallsekund
skarpe kantar
kvasse fragment
seglar sitt vassplanande liv

VIND

kvitt snøfokk over arktisk tundra
rein kvit vind
berre vind
kjenner eg vinden
vinden kjenner eg
vinden kjenner meg
går framover
mot vinden
kjenner steget
kjenner vinden
mot meg
i andletet
kjenner sterkt
eg går
framover
det blæs ein kvit vind gjennom meg
kvit vind gjennom merg og bein
eg kjenner vinden
mot meg
sterkt
framover
går eg
mot vinden
mot



LYS

lys frå himmel
lys frå vatn
eit leande auge på Høgjæren
blinkar til meg
ein vandrar
på livet si skire
blenkjande hinne

E G E R

på ei skir blenkjande hinne
mellom den lyse lette lufta
og det tette mørke djupet

er eg

på ei tynn speglende hinne
der eg undrast over mitt eige spegelbilete
på tusen famnars djup

er eg

her på ei levande blank hinne

er eg

i min vesle båt

SANDSLOTTET

sandslottet vi bygde
fagert og stort
med tankars kraft og fløytetonar
gjennom tynne strå
bles vi liv i rom og salar
i søylegangar og kvelv
der leika sol og skugge
der rørte høge tårn ved skyene

ingen veit kor lenge
ingen veit kva tid
ingen veit om slottet snart er sand i timeglas
som sakte seint og stille
korn for korn
vender tilbake til ei strand
der sandkorn hist og her
minnest to par nakne føter
som gjekk forbi

An aerial photograph of a beach. The left side shows the sandy shore with intricate, wavy patterns of light and dark sand, likely created by wind and water. The right side shows the calm, blue water of the ocean. The horizon line is visible in the distance.

STRANDMUMMEL

AV ASKILL VOLL